

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:  
Saka er godkjend av fylkesrådmannen:**

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg: \*

Tal uprenta vedlegg: \*

## **Revidert Vest 39 – Samla finansierings- og utbyggingsplan for E 39 Kyststamvegen. Ny handsaming i Vestlandsrådet 22. april**

**Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:**

Vestlandsrådet viser til vedtaket som dei gjorde i møte 14.mars i sak 21/05 "Revidert Vest 39 - Samla finansierings- og utbyggingsplan for E 39 Kyststamvegen" og viser elles til handsaminga av saka i det enkelte fylkesting.

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

## **Saksframstilling**

### **Bakgrunn:**

På ekstraordinært møte 14.mars i år gjorde Vestlandsrådet følgjande vedtak:

*Som grunnlag for uttale frå fylkeskommunane til forslaget til handlingsprogram til Nasjonal transportplan 2006-2015, vil fylkesrådmannen framleis i hovudsak tilrå opplegget i revidert Vest39. Fylkesrådmannen vil samstundes gå inn for at prosjektet Eikåstunnelen i Hordaland vert innarbeidd i Vest39, med oppstart i perioden 2006-2009.*

*Fylkesrådmannen ser det vidare som svært avgjerande for det vidare samarbeidet i Vestlandsrådet å halde fast på opplegget også i revidert Vest39 og sikre ei framleis felles og samordna prioritert utvikling av E39 Kyststamvegen i vestlandsfylka.*

*Fylkesrådmannen vil med dette sette fram følgjande nytt pkt 3. til den opprinnelege innstilling til vedtak i saka (opprinneleg pkt.3 vert dermed nytt pkt.4):*

1. Vestlandsrådet går inn for at prosjektet Eikåstunnelen i Hordaland med ei samla kostnadsramme vert innarbeidd i revidert Vest39 med oppstart i 2009 på følgjande måte:

2006-2009	10 mill.kr	<ul style="list-style-type: none"><li>• 10 mill.kr vert flytta frå prosjektet Eiganestunnelen 2.etp i Rogaland.</li><li>• Tilsvarande midlar må sikre sluttfinansiering av Eiganestunnelen 2.etp. etter 2009 gjennom omprioritering frå Rogfast i Rogaland.</li></ul>
2010-2015	110 mill.kr	<ul style="list-style-type: none"><li>• Det vert flytta 20 mill frå Rogfast i Rogaland.</li><li>• Det vert flytta 10 mill frå prosjektet Drægebø-Grytås i Sogn og Fjordane.</li><li>• 80 mill.kr frå dei statlege midlane til Nordhordlandspakken i Hordaland vert sett av til Eikåstunnelen.</li></ul>
<b>Sum 2006-2015</b>	<b>120 mill.kr</b>	

2. Vestlandsrådet går inn for at prosjektet Renndalen – Staurset i Møre og Romsdal vert fullfinansiert i første periode. Dette vert innarbeidd i Vest 39 på følgjande måte:

2006-2009	240 mill.kr	<ul style="list-style-type: none"><li>• 10 mill kr vert flytta frå Renndalen – ST gr til Mindre tiltak på rute 10. Det står då att 95 mill kr</li><li>• 75 mill kr ST gr – Staurset</li><li>• 20 mill.kr vert flytta frå Kvivsvegen MR til Renndalen - ST.</li><li>• Møre og Romsdal forskotterer 50 mill kr</li></ul>
2010-2015	0 mill.kr	<ul style="list-style-type: none"><li>• 60 mill kr. Av desse skal 20 mill.kr tilbakebetalast til Kvivsvegen MR og 40 mill. kr til Møre og Romsdal fylkeskommune.</li></ul>
<b>2006-2015</b>	<b>240 mill.kr</b>	


Møre og Romsdal fylkeskommune får tilbakebetalt 40 mill kr i perioden 2010 – 2015 og dei resterande 10 mill kr må hentast frå Mindre utbetringar på rute 10 i perioden 2010 – 2015.

3. Dei statlege midlane til Kvivsvegen vert disponert og innarbeidde i Vest 39 på følgjande måte:

2006-2009	30 mill.kr	<ul style="list-style-type: none"><li>• 16 mill kr Kvivsvegen SF</li><li>• 34 mill kr Kvivsvegen MR Av desse vert 20 mill.kr flytta frå Kvivsvegen MR til Renndalen – Staurset</li></ul>
2010-2015	670 mill.kr	<ul style="list-style-type: none"><li>• 211 mill kr Kvivsvegen SF</li><li>• 439 mill kr Kvivsvegen MR</li><li>• 20 mill kr vert flytta tilbake frå Renndalen – ST gr</li></ul>
<b>2006-2015</b>	<b>700 mill.kr</b>	

Innafor den samla ramma til Kvisvegen i perioden 2006 –2009 legg Vestlandsrådet til grunn at prosjektet blir starta opp i 2008 slik som føresett i Vegdirektoratet sitt opplegg.

4. Vestlandsrådet er glad for det sterke engasjementet Bergen har vist for å få finansiert og bygd Eiksåtunnelen. Vestlandsrådet stiller seg positiv til ei framskunding av prosjektet ved eventuell forskotering av Bergen kommune.

## **Handsaming i fylka:**

### Rogaland:

Samferdselskomiteen i Rogaland fylkeskommune handsama sak "Nasjonal transportplan 2006-2015 Forslag til handlingsporgram fra Statens vegvesen" 06.04.2005. Komiteen har følgjande innstilling til Fylkestinget 26.04.2005:

"Rogaland fylkeskommune forutsetter at Statens vegvesen i framtiden forholder seg til og lojalt følger opp godt omforente prioriteringer i Vestlandsfylkene. Rogaland fylkeskommune beklager at Statens vegvesen ved utarbeidelsen av forslag til handlingsprogram for perioden 2006-2015, spesielt for E39 Kyststamvegen, ikke har gjort dette."

"Rogaland fylkeskommune slutter seg til Vestlandsrådets vedtak i forhold til forslag til handlingsprogram fra Statens vegvesen. Dette innebærer at fylkeskommunen går inn for revidert Vest39 som alternativ til Statens vegvesen sitt forslag.

I forhold til mindre utbedringer på E39 gjennom Rogaland forutsetter Rogaland fylkeskommune at følgjende prosjekter prioriteres:

1. Kryssutbedringer på E39 mellom Gjesdal og Bjerkreim
2. Krabbefelt på Vikeså"

### Hordaland:

Fylkesrådmannen i Hordaland har følgjande forslag til innstilling i sak "Nasjonal transportplan 2006-2015, Vest39 – Samla finansierings- og utbyggingsplan for E39 Kyststamvegen" til møte i Samferdselsutvalet 13.04.2005, Fylkesutvalet 27.-28.04.2005 og Fylkestinget 04.05.2005:

*"Fylkestinget ber om at vedtaket i Vestlandsrådet, 14.mars 2005, som opplegget i revidert Vest39, vert lagt til grunn for fastsetting av handlingsprogram for E39 Kyststamvegen i Nasjonal transportplan 2006-2015."*

#### Sogn og Fjordane:

Fylkestutvalet gjorde i møte 30.03 følgjande vedtak til innstilling til Fylkestinget 12.april i sak "Nasjonal transportplan 2006 – 2015, handlingsprogrammet 2006 – 15, fråsegn":

*"Fylkestinget i Sogn og Fjordane sluttar seg, med dei endringar som elles framgår av vedtaket i saka, til Vegdirektoratet sitt framlegg til handlingsprogram for stamvegar. For tiltak på E39 legg Sogn og Fjordane fylkeskommune til grunn Vestlandsrådet si samla finansieringspakke Vest 39. Fylkestinget vil likevel understreke at Kvivsvegen må oppstartast i 2008 og ha kontinuerleg drift om naudsynt med fylkeskommunal garanti for eventuelt manglande midlar i 2009. Dersom Vegdirektoratet ikkje legg til grunn Vestlandsrådet sin uttale (Vest 39), må Vegdirektoratet sitt forslag omarbeidast slik at prosjekt på E39 mellom Lavik og Sande kjem med (Lavik ferjekai, Drægebø – Grytås og Birkeland – Sande.) Dette er tidlegare prioriterte prosjekt som er teke ut i Vegdirektoratet sitt framlegg til handlingsprogram."*

#### Møre og Romsdal:

Fylkestutvalet gjorde i møte den 30.03.05 under sak U-30/05 A følgjande vedtak om Vest39:

#### **Vest39**

*Fylkestinget byggjer på Samferdselsutvalet si tilråding (Sa 6/05) samt vedtak i Vestlandsrådet (sak 21/05). Fylkestinget sluttar seg til Vestlandsrådet sitt vedtak med unntak av punkta nedanfor som blir i samsvar med tilrådinga frå Samferdselsutvalet:*

- a) Lån frå Kvivsvegen (50 mill kr i 2008-2009)
- b) Hjartåberga (fullfinansiert – 270 mill kr i 2010 – 2015)
- c) E-39 Betna – Klettelva – Hestneset (80 mill kr i 2010 – 2015)
- d) E-39 Harangen-Høgkjølen (180 mill kr i 2010 –2015)

Punkta b), c) og d) er avvikande i høve til revidert Vest39. For å fullfinansiere Hjartåberga manglar revidert Vest39 60 mill.kr. Revidert Vest 39 har ikkje prioritert Betna – Klettelva – Hestneset, så her er ein manko på 80 mill.kr. Prosjektet Harangen – Høgkjølen er i Vest39 sett opp med 100 mill.kr, også her ein manko på 80 mill.kr. Til saman utgjer skilnaden mellom revidert Vest39 og vedtaket i Møre og Romsdal fylkeskommune 220 mill.kr.

#### **Fylkesrådmannen si tilråding**

Det går fram av ovanståande at dei politiske prosessane er komne ulikt lagt i dei fire fylkeskommunane. Når Vestlandsrådet skal handsame denne saka 22.april, vil det ligge føre fylkestingshandsaming i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Ulike politiske vedtak som er gjort etter utarbeiding av denne saka vil bli lagde fram i møtet.

Ut frå resultatata av handsaminga i fylka så langt vurderer fylkesrådmannen det som rett å ta opp att saka om Vest39. Vedtaka i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane er i tråd med Vestlandsrådet si tilråding medan vedtaket i Møre og Romsdal skil seg vesentleg frå revidert Vest39. Avviket på 220 mill. kr er så stort at fylkesrådmannen ser det vanskeleg å finne løysingar innanfor dei rammene vi har til rådvelde. Behandlinga av Vest39 er også komen så

---

Vestlandsrådet  
Saksbehandlar: Signe Eikenes  
Arkivsaksnr.: 05/00031

---

langt i den politiske prosessen av fylkesrådmannen ikkje finn det rett å tilrå ein ny revisjon av Vest39 nå.

[ingen over denne linja ↑](#)